

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Dato 09.06.2022
Vår referanse 2022/92-2
Dykkar referanse
Sakshandsamar Endre Korsøen
E-post Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon 91764632


Lerøy Vest AS - Søknad om ny lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet ved Skår i Tysnes kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 11.10.2021 frå Lerøy Vest AS med supplerande opplysningar av 08.06.2022 om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skår i Tysnes kommune.

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn.

Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av ei rammefortøyning som er 480 meter lang og 80 meter brei. Samla overflate areal for merdsanlegget vil vera 38 dekar. Anlegget vil bestå av 6 merdar. Det er søkt plassert ein forflåte på austsida av anlegget.

Kartet under syner omsøkt plassering av installasjonane.



I kommuneplanen ligg omsøkt areal for plassering av merdanlegg, fôrflåte og delar av fortøyningane i område avsett til akvakultur. Fortøyninga vil delvis gå inn i areal avsett til området for fiske, ferdsel, natur og friluftsliv. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lerøy Vest AS mellom anna:

Ettersom vi har knapphet på lokaliteter i de ulike brakkleggingsgruppene, må vi nytte de vi har tilgjengelige. Det vi ønsker er å øke lokalitets-MTB, slik at vi til enhver tid kan optimalisere produksjonen

rundt de lokalitetene med god produksjon, lav dødelighet og lite sykdom. Ved knapphet på lokalitets-MTB relativt til selskaps-MTB blir lokalitetene utnyttet på en slik måte at vi at det blir lang produksjonstid. Ved større fleksibilitet med tanke på tilgjengelige lokaliteter kan man i større grad differensiere og korte ned produksjonstiden på hver lokalitet og dermed sikre lengre brakkleggingsperioder og større branngater mellom lokaliteter med fisk. Med økt tilgjengelighet av postsmolt slik vi har nå vil vi få ytterligere effekt av dette, og dermed bidra til å redusere smitterisiko og øke overlevelse i sjøfasen.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Tysnes kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Endre Korsøen

seniorrådgjevar

INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi: Lerøy Vest AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet:

